



Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi og samfunnsvitenskap, og lærerutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Innkjøpsrådgjevar

Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) er det ledig ei fast 100% stilling som innkjøpsrådgjevar i Avdeling for økonomi

HVL si økonomiforvaltning er leia av økonomi- og arealdirektør, som har det overordna ansvaret for området. Til det ligger ansvar for HVL sin samla økonomifunksjon, arealforvaltning, drift og prosjektoppfølgning. Til området ligg og verksemdsstyring og internrevisjon.

Om stillinga

Stillinga inngår i økonomiavdelinga ved HVL. Avdelinga vert leia av avdelingsleiar og nestleiar for økonomiområdet. Stillinga vil ha særskilt ansvar for innkjøp og ligger i innkjøpseininga med eigen fagleiar, men rapporterer til avdelingsleiar.

Arbeidsstad er campus Bergen.

Ansvars- og arbeidsoppgåver

Innkjøpsrådgjevar har følgjande oppgåver:

- Utvikle/oppdatere rutinar og retningslinjer innanfor innkjøpsområdet
- Utarbeide anbud og inngå rammeavtalar
- Gjennomføre større anskaffingar (>100.000kr)
- Kontraktsoppfølging
- Informasjon til og opplæring av tilsette
- Internkontroll
- Vidareutvikle bruk av elektronisk bestillingssystem

Kvalifikasjonskrav

Til stillinga vert det stilt krav til høgare utdanning på minst bachelornivå, fortrinnsvis master innan juridisk/økonomiske fag. Det er ein føremon med relevant administrativ erfaring innan området, men nyutdanna kan og søke.

Kandidaten må kunne arbeide sjølvstendig og strategisk, ta initiativ og ha gode kommunikasjonsevner. Vidare må kandidaten ha god munnleg og skriftleg framstillingsevne på begge målformer og god digital kompetanse.

Vi tilbyr

Stillinga som rådgjevar er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1434 - Rådgjevar. Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Vi tilbyr elles:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spennande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Fleksitid jfr. Særavtale om fleksibel arbeidstid i staten
- Moglegheit for trening i arbeidstida

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknader blir vurdert ut frå den informasjon som er lagt inn i www.jobbnorge.no ved søknadsfristens utløp. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, herunder attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskriftar eller annen dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsetningar. Dersom vedlegga overskrider 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller legga som lenke.

Søknader kan ikkje sendes på e-post til enkeltpersoner ved høgskulen.

Generell informasjon

Vi gjer merksam på at jfr. ny offentlegheitslov kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bedt om ikkje å bli oppført på søkjarlista. Søkjaren vil bli varsla dersom ynskje ikkje vert teke til følgje.

Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mulig grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert

alders- og kjønnsamansetning, rekruttere personer med minoritetsbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne. Høgskulen på Vestlandet er ei IA bedrift.

[Heimeside](#)

Kontaktperson(ar) ved Høgskulen på Vestlandet er:

- 1) Avdelingsleiar økonomi - Karianne Bergheim, telefon 57 67 63 06, mobil 99 26 55 74
- 2) Nestleiar økonomi - Kirsten Bakken, telefon 53 49 14 67, mobil 47 30 68 89

Jobbnorge-ID: 161561, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut